

Møtereferat

Dato: 27.01.2015

Emne:	Regionalt planforum, referat 27.01.2015 Områdeplan for Bømoen, før høyring - Voss kommune	
Til stades:	Haakon R. Rasmussen Daniel Tallarek Christian Hjelle Berit marie Galaaen Kjersti N. Finne Gunnhild Raddum Gunnbjørg Austheim Aase Midtgaard Skrede Hildegunn Stenseth Trond Håkon Stadheim Else Marie Aarø Gudrun E Stefansdottir Christian Alstad	3RW Arkitekt 3RW Arkitekt 3RW arkitekt Voss kommune Voss kommune HFK, samferdsel HFK, kultur Kartverket Bergen Statens vegvesen Voss Fylkesmannen HFK, folkehelse Fylkesmannen, KSA tettstadutvikling Fylkesmannen, plan
Forfall:		Sak: 2014/13624-53
Møtetid:	27.01.2015 kl 10 – 12.15	Møtestad: Fylkeshuset, møterom «Vestlandet»

Møteleiar: Plansjef Marit Rødseth**Referent: Per Nordmark**

Marit Rødseth ønskte velkomen og leia møtet. Deltakarane presenterte seg med namn og organisasjon.

Introduksjon

Berit Marie Galaaen gav ein introduksjon til planen med bakgrunn, prosess og utforming. Planen byggjer på ei muligheitsstudie frå 2011 etter at Forsvaret ved Skifte eiendom avhenda Bømoen i 2008 til Bømoen AS. Oppdragsgjevar for planarbeidet er Bømoen AS som har leigd inn 3RW Arkitekt. Planen vert utarbeidd i nært samarbeid med Voss kommune, og med brei medverknadsprosess. Planen er under utforming, og det er under arbeid konsekvensutgreiingar. Desse vert lagt til grunn før endeleg planforslag vert utforma og lagt fram for 1. gongs politisk handsaming.

Presentasjon av planframlegget

Dei tre representantane for 3RW Arkitekt presenterte forslaget til plan. Planen har som føremål å innarbeida 24 tiltak. 13 tema skal konsekvensutgreiast. Planområdet er delt i 4 område; Vest, Sør, Nord og Øst. Dei 4 delane vart presentert kvar for seg og kommentert etter kvart.

Vest

Tjukkabygdvegen skal vera forkøyrsvog. Det er teikna inn kryss som rundkøyring. Statens vegvesen (SVV) har gitt innspel om at dette må vera T-kryss. Planleggjar tek direkte kontakt med SVV. Parkering til skule og idrettsplass er viktig og må ha tilstrekkeleg kapasitet. Det er viktig at det vert teke tilstrekkeleg omsyn til mjuke trafikantar: Trygge ferdselsveggar, fortau. Planfri kryssing av vegen for Bømløløypa er vurdert. Dette er ønskjeleg. Planen bør visa busstopp og korleis bussar skal snu, evt. rundsløyfe.

Det er omlag 4 km frå planområdet til Voss sentrum. Ved større utbygging av nye bustader bør det innarbeidast rekkefølgebestemmelser for utbygging av gang- og sykkelveg på heile strekninga til sentrum. Det bør tydeleggjerast når og korleis rekkefølgebestemmelsane slår inn etter som utbygginga skjer. Planen må leggja vekt på at det vert lagt til rette område for kvardagsaktivitet. Erosjonsfare er eit viktig kriterie ved ROS-vurdering. Dette må det takast tilstrekkeleg omsyn til. Planleggjar vil leggja føremålsgrensene basert på ROS-analysen. Voss kommune planlegg for vekst som regionsenter med fortetting i sentrum, men ser dette som ei utvikling av buområde med sentrumstilknytning. Raundalselva er eit verna vassdrag. Verneverdiane i vassdraget må vektleggjast og det vert vist til rikspolitiske bestemmelser. Støyulempar frå flyaktivitet er eit særst sentralt tema. Dette må vurderast nøye og planen må ha tydelege avklaring knytt til støy.

Sør

I dette området ligg Bømoen leir med mange verna bygningar. Planen har som målsetjing å leggja til rette for vern gjennom bruk. Det er aktuelt å byggja oppatt nokre nedbrente bygningar på tomtene. Dette er akseptabelt, men utforming må tilpassast det som var og den eksisterande verna bygningsmassen. Fylkeskommunen kan assistera med å finna gamle foto frå området. Det må nyttast omsynssoner for å sikra kulturminneverdiane i området. Ta gjerne kontakt med kultur- og idrettsavdelinga i fylkeskommunen. Bygningsmassen mot aust ligg nære elva. Det er skepsis til meir bygging så nære elva, men på eksisterande tomter/grunnar kan det vera akseptabelt. Området er aktuelt for overnatting og er viktig ved store arrangement. Det er forslag om hotell i sør, som vert eksponert frå Hardangervegen. Dette må vurderast kritisk. Hotell er ønska fyrst og fremst i sentrum. Ved store arrangement i området må det vera tilkomst for store køyrety. Tilkomst av slike må ikkje koma i konflikt meg buområda.

Nord

Bømløløypa må i dag kryssa vegen nord for planområdet. Dette er uheldig. Planen bør leggja til rette for løysingar der ein unngår denne kryssinga. Planen vil leggja til rette store næringsområde, der ulikt omfang vert vurdert frå 150 da til 600 da. Trafikk til næringsområda må leggjast utanom bustadområde og område til camping, overnatting og tilknytt aktivitet i vest og sør. Det er sterke motsetningar i planen knytt til flyplassen. Planen må ha klare avklaringar knytt til flyplassaktivitet, men og korleis omsynet til flyplassen verkar inn på andre føremål, t.d. kva type næring kan etablerast i dei ulike område. Flytrafikken har auka kraftig dei siste åra med ei 4-dobling på 10 år. Siste konsesjon er gitt i 2012 for 10 år. Denne gjev rom for 8000 flybevegelser i året, og maks 500 i veka. Travbane var lagt inn i planen, men er tatt ut. Denne var konfliktfull og kommunen har funne anna aktuelt areal. Det må ikkje etablerast detaljhandel i planområdet. Slik etablering må vera i samsvar med regional plan for attraktive senter i Hordaland, - senterstruktur, tenester og handel.

Aust

Viktige tiltak her er massetak med uttak av sand/grus og mineraler. Uttak vil gå over Bjørke bru. Her må byggjast ny bru. Dette er avgjerande for å få til ei god løysing av planområdet. Det bør vera fysisk umogeleg å køyra frå massetaka og gjennom planområda Nord, Sør og Vest.

Sluttkommentar

Planleggjar og kommunen fekk ros for eit godt og grundig planarbeid. Det vart ønskt lukke til med det resterande arbeidet fram mot fyrste handsaming og offentleg ettersyn og høyring av planen.

